

ØYGARDEN kommune har som utgangspunkt Hjelme kommune som vart skild frå Manger i 1910. Går vi lenger bakover, til skattemanntalet av 1647, ser vi at heile Øygarden – det området som ligg nord for Sotra – høyrde til Herdla skipreide, saman med Askøya og Holsnøya. Men i mellomalderen, i den skipreideinndelinga som byggjer på Magnus Lagabøtes testamente frå 1277, høyrde Hjelme til Raðskipreide (Radøy), medan øyane lenger sør låg under Herdla.

Frå 1964 vart Hjelme kommune slått saman med desse øyane, den ytste delen av Herdla kommune.


Nord-sør delinga av den lange Øygardskommunen går såleis tilbake heilt til mellomalderen. Det er lett å forstå at det må vera slik. Når det var fjorden som var ferdslevegen, var øyane i vest, med utværet Herdlevær, næraste grannane til kongsgarden på Herdla. □

ØYGARDEN

Øygarden er eit karakteristisk namn på den lange rekkja av øyar som dannar ein gard «gjerde» ut mot havet. Hernar, i målføret Hædlane og Hædnøynæ, er nemnt fleire gonger i sagalitteraturen. Namnet høyrer til same rot som gno. hjarsi «isse» og gno. hjarni «hjerne» og siktar vel på den hovudliknande høgda på øya. Hjelmo heng saman med gno. hjalmr «hjel, stakkeforma høg» og er truleg eit eldre namn på Selsøyni. Sele er dativ eintal av sel «stølshus». Stura ser òg ut til å vera ei gammal dativform med usikker tyding. Alveim, òg skrive Alvheim, inneheld eit eldre ord alfr «grus». Hjartøyni er truleg namngjeven etter likskapen med eit hjarta. Tjeldstø er samansett av gno. tjald «telt» og stōð «(båt)stø». Oni, skrive «O» i mellomalderen, er det gamle namnet på Breidvikøyni. Namnet kan vera ei sideform av gno. á «å, elv», men det er uvisst kva som er opphavet. Same ordet er førsteledd i Ovågen. Rong kan vera ordet rong «rom i framskut eller bakskut i båt», i slekt med rang «skeiv, vridd». Toft er laga til ei sideform av tuft. Førsteleddet i Blomvåg er gardsnamnet Blom, som mogeleg kan setjast til eit eldre blå «noko bleikt, lyst».

DEN NORDATLANTISKE BYGGJESKIKKEN

På «Berget» i Ovågen sto det tidlegare eit eldre langhus, eit fleirromshus med ein interessant grunnplan. Opphavleg høyrde denne bygningen til i det gamle fellestunet, saman med 5–6 andre bustadshus. Der huset låg på Oni, hadde det ein stor steingavl mot sør. Innanfor steingavlen ligg ein torvskut i samband med ei sval på austsida framfor inngangsdøra, så kjem eit framrom eller kjøkken med grue, ei stove med lem over, ein mellomgang som vart kalla «nede i bu» eller «Ildstovo» og så ei bu med tomra kleve langs vestveggen. Tidlegare låg det ein stavbygd kleve langs austveggen og eit rom kalla «børo»; her lagra dei korn i ei stor «kornbøre» (kiste). I dette anlegget er det mange trekk som gjev oss ein peikepinn om at det er mellomalderens byggjeskikk vi her ser spor av (®300, ®353), den nordatlantiske byggjeskikken.



PÅ BLÅ GRUNN
EIN SVART OG
SØLV BÅKE

Merket er godkjent av Øygarden kommunestyre i 1966 og er teikna av Magnus Hardeland. Det er ikkje godkjent som våpen etter heraldiske reglar. Kommunen er danna av større og mindre øyar og holmar, og fiske er den viktigaste næringsvegen. For å kunne ferdast trygt på sjøen er det naudsynt med sjømerke. Kommunen har difor valt eit sjømerke på ein holme i sjøen. Fargane er blått, svart og sølv.



Langhuset slik det stod på Oni. Idag står det på Hordamuseet (®422).